

Arbeidsplan 2014

Valldal Idrettslag

Valldal Idrettslag bygg si drift og aktivitet etter visjonen
"vi kan – vi VIL"

Utifrå tilgjengelege ressursar vil Valldal Idrettslag arbeide for å legge til rette for at alle skal kunne utøve fysisk aktivitet med bakgrunn i den enkelte sine ønsker og behov.

All aktivitet skal bygge på norsk idrett sine grunnverdiar glede, fellesskap, helse og ærlegheit. Arbeid skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Følgjande områder skal vektleggast i arbeidet:

Organisasjon

Valldal IL skal ha til ei kvar tid ha oppdaterte vedtekter i samsvar med NIF sine retningslinjer og ein oppdatert organisasjonsplan. Dette er grunnlaget for laget si drift

For å oppnå dette skal -

- det utarbeidast arbeidsbeskrivelsar for ulike funksjonar
- det gjennomførast opplæring/informasjon for styremedlemmar, gjerne i samarbeid med andre

Valldal IL skal i størst mogeleg grad skal framstå som eit lag

For å oppnå dette skal -

- det gjennomførast eit fellestiltak som ikkje er økonomisk motivert i løpet av året
- "sette pris på kvarandre", utarbeide retningslinjer for innsatspris eller liknande, og æresmedlemskap

Anlegg-utstyr

Valldal IL skal til ei kvar tid ha anlegg og utstyr tilgjengeleg som samvarar med dei aktivitetar som lag driv

For å oppnå dette skal -

- vedlikehald av laget sine anlegg-utstyr verte prioritert slik at desse kan brukast i samsvar med føresetnader
- styret ha det overordna ansvar for anlegg, medan gruppene som brukar dei ulike anlegg-utstyr ha det daglege tilsyn og vedlikehald
- det kunne tilsettast lønna personale til reinhald og vedlikehald. Det skal då utarbeidast avtalar og instruksar for arbeidet
- grunnavtalar gjennomgåast og det skal lagast oversikt over desse
- forsikringar for utstyr, bygg og anlegg skal gjennomgåast
- det lagast ein plan for rehabilitering og eventuell utbygging eller utbytting av anlegg/utstyr
- overflødig utstyr bør vurderast seld

Økonomi

Valldal IL skal ha ein sunn, god og oversiktleg økonomi. Drifta skal årleg minimum gå i balanse og laget skal totalt ha ledige midlar tilsvarande 50 % av årlege inntekter.

For å oppnå dette skal -

- vedtekne budsjett for kvar enkelt undergruppe og Valldal IL vere retningsgjevande for drift
- det utarbeidast halvårleg rekneskapsrapport som skal leggjast fram for styret
- det settast i gang arbeid med å innføre NIF sine retningslinjer for rekneskap og budsjett
- det gjennomførast fellestiltak som vil vere med å sikre økonomien i laget primært:
 - Stadionreklame
 - Olsok
 - Marknad

Informasjon

Valldal IL skal informere om aktivitetar og arbeid både internt i laget og eksternt. Resultat skal i størst mogeleg grad publiserast.

For å oppnå dette skal -

- informasjon som vedkjem Valldal IL distribuerast til heile styret
- det på styremøte settast av tid til gjensidig informasjon
- laget si heimeside vere oppdatert og innehalde aktuelt stoff
- legge til rette og ta i bruk nye informasjonskanalar som t.d. Facebook
- lokal- og regionalpresse nyttast til informasjon om aktuelle saker, særleg når det gjeld aktivitet
- informasjon om arrangement og tiltak annonserast i lokalavis og lokalradio. Eigne flygeblad kan også brukast

Rekruttering – aktivitet

Valldal IL skal ha fokus på rekruttering av unge til idrett, men også lite aktive vaksne

For å oppnå dette skal -

- det vere tilbod gjennom barneidrettskulen
- det settast i gong arbeid for å vurdere å styrke tilbodet gjennom barneidrettskulen
- aktivitet for barn skal bygge på NIF sine retningslinjer for barneidrett
- laget sine anlegg kunne brukast utanom organiserte aktivitetar
- laget vere positiv til nye aktivitetar og idrettar i idrettslaget sin regi
- det opnast for samarbeid med andre
 - Kommune – God helse – Frivilligsentral
 - NFU
 - Andre lag og organisasjonar i bygda, kommunen og regionen

Undergruppene har ansvar sine respektive særiddrettar. Det skal leggjast til rette for at medlemmar i Valldal IL kan utøve sin idrett på ulike ambisjonsnivå

For å oppnå dette skal -

- det arbeidast med motivering for å ta kurs for aktivitetsleiarar eller trenarar
- det støttast opp under utøvarar som vil satse på idretten sin og hjelpe til å finne eventuelle samarbeidspartar

Arbeidsplan for Fotballgruppa i Valldal IL

Arbeidsplan for 2014 / langtidsmål

- * halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene
- * halde oppe talet på påmelde lag i serien
- * alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser
- * i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøker for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball.
- * bingo i november

Arbeidsplan for Friidrettsgruppa i Valldal IL

Hovedmål: Større interesse og deltaking i friidrett

- Delmål -
1. Større breidde og fleire deltakarar i friidrettscupen.
Minst 25 deltakarar som får premie i 2013.
 2. Skape større interesse for friidrett i området.
Samarbeide med andre klubbar. Deltaking i kretsen.
 3. Deltakarar som vil satse på friidrett og delta aktivt.
Minst tre deltakarar på kretsnivå i løpet av fem år.
 4. Deltaking i stafettar utanfor kommunen.
 5. Ha god nok økonomi til å støtte deltakarar som vil satse.
 6. Friidrettsgruppa må tilrettelegge og organisere opplegg for dei som vil delta aktivt.

- Korleis -
- Kvar må innsatsen setjast inn for å nå delmåla og for så vidt også hovudmål
- Marknadsføre felles arrangement betre. Skape blest.
 - Bruke facebook og nettsidene aktivt.
 - Engasjere gjestetrenarar som kan motivere/inspirere.

- Kva -
- Kva konkrete tiltak må settast i vert knytt til kva områder som må ha ekstra fokus for å nå måla.
Tidsperiode maks 1 år

Kva	Kven	Når	Gjennomføring
Trening/cup	Magne E m.fleire	Vår/sommar	2-3 cupar + minst 3 treningar
Stafettar	Alle	2014-15	Deltaking minst 2 stafettar

Arbeidsplan for Langrennsgruppa i Valldal IL

Hovudmål

Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennssporten
for personar i alle aldrar og på alle nivå.

Delmål

1. Skape gode treningsforhold for breidde og topp.
2. Fem løparar i Storfjordlangrenn innan 2017.
3. Halde økonomien i pluss.
4. Halde same nivået på breidde i arrangement (skikafe, skirenn, trening)
5. Løfte fram helsebringande naturopplevingar og klubbhuset som ein hyggeleg møteplass i skisesongen.

Korleis - kvar må innsatsen setjast inn for å nå delmåla og for så vidt også hovudmål

Rekrutteringsarbeid: varierte treningar på barmark og snø frå 6-årsalder, instruktørar med kompetanse, samarbeid med naboklubbane, utlån av skøyteski og rulleski, delta på Stordalssamlinga, tilby skiinstruksjon i kroppsøvingsfaget på skulen, skape eit godt og triveleg sosialt miljø for både barn og foreldre, skiteknikkurs og smørekurs for foreldre, smørehjelp på skirenn, ha det kjekt i lag. Brukt skiutstyr til utlån for vaksne.

Lysløypa: halde fram med det gode arbeidet som trakkemaskingruppa og tilsynsgruppa for lysløypa har lagt ned.

Arrangement: halde same nivået på arrangement som tidlegare år.

Skiskyting: Arbeide vidare med trening og anlegg for skiskyting

Kva - kva konkrete tiltak må setjast i vert knytt til kva område som må ha ekstra fokus for å nå måla. Tidsperiode maks 1 år.

Kva	Kven	Når	Gjennomføring
Ny trakkemaskin	Styret/arbeidsgruppe	2014	
Ski i skulen	VIL/skulen	2012-2014	
Skiteknikk-kurs for vaksne	VIL	2015	3x2 t
Smørekurs	VIL	årleg	2 x pr sesong
Ski til utlån 9-12 år	VIL	årleg	kontinuerleg
Ski til utlån vaksne	VIL	2015	
Byttedag sportsutstyr	VIL/frivilligsentralen	Haust 2014	
Skiskyttarskule	treningsnemnda	Haust 2014	
Treningssamling	treningsnemnda	September 2014	

Arbeidsplan for Trimgruppa i Valldal IL

Trimgruppa vil halde fram med sykkeltrim, fjelltrim, opprette fleire postar, arrangere fellesturar, arrangere nyttårsmarsj og samarbeide om Jordmormarsjen. Vi håper at enda fleire vil kjøpe trimkort og bruke trimpostane aktivt i året som kjem. Trimgruppa vil opprette gruppe på Facebook der ein kan avtale for "fellestur" med ein eller fleire. Dett er kome som ynskje av folk som har lyst til å gå tur men er ukjente i område.

Valldal, 09.02.2014

Trimgruppa i VIL, styret